ØYGARDEN | Oppmåling

| Dykkar ref. | Vår ref. | Dato: |
| --- | --- | --- |
| | 25/2968-5 | 27.03.2026 |

# Melding om oppstart av namnesak - Sele/Sæle

Lag/organisasjonar

Kartverket reiser namnesak for to gardsnamn, namna på gardane 207 og 239 i Øygarden kommune, og for nokre avleidde namn. I tillegg er det reist namnesak for Nordre Sandknappen, eit namn som ikkje har vore SSR registrert tidlegare. I medhald av §8 i stadnamnlova vert desse no lagt ut på høyring.

Namnesaka gjeld først og fremst om namna skal skrivast "S**æ**le" eller "S**e**le", noko som også vil få konsekvens for dei avleidde namna, som til dømes S**æ**lemyr/S**e**lemyr.

Vi ønsker også tilbakemelding om "Nordre" og "Søre" skal inkluderast i gardsnamna for gnr. 207 og gnr. 239, for å skilja dei frå kvarandre.

Det går fram av lista kva for namn som er med i saka.

| **Besøksadresse** | **Postadresse** | **Kontonummer** | **E post** |
| --- | --- | --- | --- |
| Øygarden rådhus | Ternholmvegen 2 | 6130.05.01590 | postmottak@oygarden.kommune.no |
| Foldnesvegen 1 | 5337 RONG | **Organisasjonsnummer** | **Telefon** |
| 5354 STRAUME | | 922 53 0890 | 56 16 00 00 |

| Stadnr. i SSR | Skrivemåte | Namne-objekt | Oversiktskart |
|---|---|---|---|
| **Gnr. 207** | | | |
| 228166 | Sele / Sæle / Nordre Sæle | Gard 207 |  |
| | Sæle / Nordre Sæle | Bruk 207/1, 5, 6, 10, 11, 12, 13, 14, 15, 16, 18, 19, 20 og 149, 172, 189, 190, 192 og 200 |  |
| | Sæle / Nordre Sæle | Feste 207/6/1 |  |
| | Sælstakken kystsignalstasjon | Bruk 207/32 |  |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Selsvåg | Bruk 207/34 |  |
| | Sæletun<br>Sæletun II | Bruk 207/81<br>Bruk 207/201 |  |
| | Sælemyr | Bruk 207/115 |  |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 106178 | Selkartjørna / Silkaren | Vatn |  |
| 712785 | Selseidet / Sælseidet | Dal |  |
| 713173 | Selsnipa / Sælsnipa | Topp |  |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 127664 | Selsstakken/ Sælsstakken | Ås |  |
| 249602 | Seløyna / Sæløyna | Øy i sjø |  |
| 85678 | Nordre Selsvågen / Nordre Sælsvågen | Vik i sjø |  |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 370594 | Søre Selsvågen / Søre Sælsvågen | Vik i sjø |  |
| | Sæle | Grunnkrins |  |
| **Gnr. 239** | | | |
| 916754 | Søre Sæle / Sæle / Sele | Gard 239 |  |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Søndre Sæle / Søre Sæle | Bruk 239/1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8 og 56 |  |
| | Søndre Sæle / Søre Sæle | Feste 239/5/1 |  |
| | Rv. 561 Søre Sæle | Bruk 239/53 |  |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 45975 | Sælevågsdalen / Selevågsdalen | Dal |  |
| 268951 | Sælevågen / Selevågen | Vik i sjø |  |
| 227808 | Sælvågen / Selvågen | Våg i sjø | |
| 146927 | Sælstøa / Sælstø / Selestøa | Hamn |  |

| | | | |
|---|---|---|---|
| 403922 | Nordre Sandknapppen | Halvøy |  |

[Nytt denne lenka for å søkje i kart]

Kartverket har vedtaksrett for skrivemåten av m.a. naturnamn, nedervde gards- og bruksnamn, seternamn og statlege anlegg. Før Kartverket gjer vedtak, har kommunen rett til å uttala seg. Eigarar og festarar har rett til å uttala seg om gardsnamn og bruksnamn, **og lokale organisasjonar har rett til å uttala seg om skrivemåten av namn som dei har særleg tilknyting til**.

Etter stadnamnlova §4 skal skrivemåten fastsetjast med utgangspunkt i den nedervde, lokale uttalen av namnet. Difor vert det presisert at dei som uttalar seg, opplyser kva som er den lokale dialektuttalen. Dersom namnet vert uttalt på ulike måtar, bed ein om å få opplyst dei forskjellige uttaleformene.

For fleire opplysningar om namna: www.norgeskart.no/ssr/. Søk på stadnamnet.
Enkelte bruksnamn er berre registrerte i matrikkelen og kan søkjast opp via https://eiendomsregisteret.kartverket.no/. Søk på: gnr./bnr., namnet på kommunen.

Dersom de har innspel kan de senda dette til kommunen på e-post:
postmottak@oygarden.kommune.no, eller via brev til:
Øygarden kommune, Ternholmvegen 2, 5337 Rong

Kommunen sender dei innkomne innspela vidare til Kartverket.

**Uttalefrist er sett til 08.06.2026.**

Med helsing

Beate Bakkedal
oppmålingsingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur

Vedlegg
Oppstart av namnsesak
Namneliste 2019-30 - Sele - Nordre Sæle og Søre Sæle i Øygarden kommune